



Anders Midtgård
Leknesvegen 211
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2646 - 20/3117

Saksbehandlar:
Astrid Irene Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2020

Registrert dårleg lokk på septiktank - gbnr 196/105, Midtgård

Tiltak:

Utbetring

Byggjestad: Gbnr: /196/105

Tiltakshavar: Anders Midtgård

Lindås kommune (no Alver kommune) mottok den 21.08.2018 melding frå Norva24 om at det ved siste tømning den 20.08.2018 låg ei dårleg og råtten plate på septiktanken som lokk, på eigedommen din, gnr. 196, bnr. 105, jf. sak nr. 18/2550. Ved kontakt med Norva24 den 17.01.2020, stadfestar sakshandsamar der at dei ikkje har motteke melding om at den ulovlege tilstanden er utbetra.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 første ledd at «*Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem*». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske. Etter plan- og bygningslova § 28-6 andre ledd er det grunneigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg kum kan føre til at menneske eller dyr fell ned i kummen.

Lokket på septiktanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 29.02.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materialar samt vere forsynt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. Du kan sjølv utføre dette arbeidet.

Alver kommune

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lokket er utbetra.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes om at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og at vi kan fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova §§ 31-3 og 32-5.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lokket, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Irene Riise
rådgjevar

Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID - Alver kommune

Mottakarar:
Anders Midtgård

Leknesvegen 211 5915

HJELMÅS